

# Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR  
NR. 1 – MARS 2005 – 8. ÅRGANG



*Thomas Lyseng kosar seg saman med kvigene sine på stølen.*

## Mat og kulturlandskap 2005

Mat og kulturlandskap 2005 er landbruks- og bygde-Norges prosjekt i forbindelse med hundreårsmarkeringen for unionsoppløsningen med Sverige i 1905. Prosjektet ledes av ei styringsgruppe med representanter fra landbruksnæringen, næringsmiddelindustrien, handelen, kokkene, reiselivet, friluftslivet og offentlig myndigheter - fylkesmennene og Landbruks- og matdepartementet. Prosjektet gjennomføres som en storstilt dugnad.

### Målene for markeringen er å

- Øke bevisstheten om og forsterke gleden og stoltheten over, verdien av norsk mat og et levende kulturlandskap i hele landet
- Vise at landbruket tar vare på, foredler og fornyer norsk matkultur

- Vise at landbruket forvalter, foredler og formidler norsk natur gjennom aktiv og bærekraftig bruk

### Prosjektet har som strategi å

- Sette bygde- Norge og landbruket inn i en historisk sammenheng
- Skape engasjement og debatt om veien videre for bygde- Norge
- Ha markeringer og aktiviteter i alle fylker - som trekker fram det særegne knyttet til - og viser sammenheng mellom mat og kulturlandskap
- Kombinere matglede og matkultur med aktiviteter og opplevelser i kulturlandskapet
- Samarbeide nært med alliansepartnere i hele matkjeden - og med reiselivet og friluftslivets organisasjoner

Målgruppe er folk i by og bygd, med barn og ungdom som spesiell målgruppe.

## Mange seterarrangement i sommar

Det blir mange arrangement på stølane i sommar, både vidareføring av tradisjonelle seterstemne/seterhelgar/bufarhelgar og nye arrangement i samband med hundreårsjubileet for 1905 og friluftslivets år. Norsk seterkultur vil gjerne vera med på å gjera alle desse arrangementa kjent, noko som kan skje både via Seterbrukaren og nettstaden [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no). Send informasjon pr. post eller e-post!

Framhald side 6

Norsk  
Seterkultur

## Neste Seterbrukaren

kjem i juni, med frist for stoff, foto, annonsar, meldingar ... 20. mai. Vi oppmodar nok ein gong om å ta penn (eller pc) og fotoapparat fatt - !

## Medlemspengane

Minner om medlemspengane! Giro gjekk ut med Seterbrukaren 4-04. Vi kjem til å følgje opp med ei påminning med det første, men har du ei aning om at du har gløymt å betale/veit du har giroen liggande, så sparar vi gjerne den ekstra utsendinga. Kontingentsatsar og bankkonto står lenger bak i bladet.

## Foto-konkurranse

Vi har fått inn ein heil del foto til foto-konkurransen vi har tillyst, og vi har fått Alfred Nilsen i avisa Storfjordnytt til å vurdere dei innsendte bileta. etter grundig vurdering får Marit Røvang i Valdres førstepremien for biletet ho tok av sonen Thomas Lyseng i det han kosar seg med kvigene sine på stølen. Sjå framsida av bladet. Marit Røvang sendte også inn fleire andre veldig gode foto, som vi gjerne brukar i bladet seinare. Bokpremie – "Seterliv" – er sendt. Vi gratulerer! Og vi oppfordrar til ny fotokonkurranse i 2005. Sendt bilete pr. post eller digitalt. Stølslivet byr på mange fine motiv, som det er viktig å få fram!

## Styret:

Jostein Sande, leiar  
6214 Norddal.  
Tlf 70259108. jossande@online.no

Kjersti Reksen Sole, nestleiar  
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50  
kjersti.sole@skjaak.kommune.no

Sissel Dahle Lie, Skrenten, Øystre Slidre.  
2950 Skammestein  
Tlf. 61 34 12 45

Odd Arne Espeland, Jondal  
5627 Jondal  
Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55

Gjermund Stormoen.  
TINE BA. Tlf 22938800.  
gjermund.stormoen@tine.no

## Utgjevar:

### Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57  
E-post: seter@seterkultur.no  
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169  
Redaktør: Jostein Sande  
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS  
Trykk: Birkeland trykkeri

**Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.**

### Framsidedfoto:

Vinnaren av foto-konkurransen 2004.  
Foto: Marit Røvang.

## Tid for handling

Vi har sagt det før, framtida for seterdrifta står og fell med landbrukspolitikken og det er dei tradisjonelle mjølkeproduksjonsbruka som held seterdrifta oppe. Difor er dei økonomiske rammevilkåra for desse heilt avgjerande. Statistikken fortel at nedlegginga av setre skaut ny fart siste året, trass i mykje fin omtale og sterkt fokus på driftsforma. I Hedmark og Hordaland var seterstilskotet overført til det regionale miljøprogrammet alt i 2004, medan dei øvrige fylke følgjer etter i år. I alle fylke blir tilskotet auka, men kor mykje vil dette verke? Tala frå Hedmark viser mindre nedgang enn elles i landet. I 2004 førte 339 bruk i Hedmark buskapen til seters på i alt 275 setre, mot tilsvande tal 352 og 285 i 2003. Er det "løftet" i tilskot som bremsar nedgangen, eller er det andre faktorar?

Vi har også sagt før at kostbare prosjekt og konferansar ikkje er nok til å gi seterdrifta ei framtid. Sjølsagt er det mykje positivt i slike tiltak, vi treng møteplassar, kunnskap og kompetanse, men først og fremst krevst det no handling i form av økonomi og praktiske tiltak som kan gi dei aktive seterbrukarane ny motivasjon til å halde fram! Norsk seterkultur har som hovudoppgåve å kjempe for rammevilkår som gir seterdrifta ei framtid. Vi skal vise mangfaldet i norsk seterkultur, synleggjera den store innsatsen seterbrukarane gjer og løfte fram alle dei gode eksempla, motivere til å halde fram drifta og gjerne starte opp igjen seterdrift - og skape entusiasme også for å bruke setra som arena for utvikling av reiselivstilbod og omsorgstenester. Men vi tillet oss også å seie frå når vi saknar handling, når vi saknar forståing for kva som skal til for at setra skal ha ei framtid. Vi må faktisk stadig minne om noko så sjølsagt at det må gardsbruk i drift til for å gi seterdrift.

Jostein

## Fine ord, men antallet setre raser!

I Norsk seterkultur får vi mange reaksjoner og innspill til det som skjer, både det vi sjøl arbeider med og andres engasjement for seterdrifta. Her klipper vi litt fra en reaksjon vi fikk for ei tid siden - : "En masse seminarer og prosjekter peker på at vi som seterbrukere egentlig sitter på en skatt - som vi ikke klarer å få "skilling" ut av - uten å ha et prosjekt til å "hjelp" oss. - Jeg skjønner at en må være "innovativ" og "kreativ" - og bruke alle de riktige moteorda - for å løse ut penger, men Gud fri så lei jeg er av alt dette pratet. Antallet setre raser. Kunnskapen om seterdrift, beiting og beiter forsvinner. Bøndene forsvinner. Grunnlaget smuldrer bort!

Da hjelper det så lite at en og annen seterbruker - som har tid til det - kan lirke noen ekstra kroner ut av seterdrifta. Det monner så alt for lite. I få tilfelle blir det så mye penger ut av turistvirksomheten i løpet av noen få sommermåned, at en kan snakke om et reelt inntektsgrunnlag, et reelt "ekstra" bein å stå på - hvis en da ikke er tilfreds med å være halt! - De regionale miljøprogramma kan kanskje bremse nedgangen i antall setre i drift... samtidig tror jeg mulighetene for større privat omsetning av kvoter vil virke andre vegen. Nedgangen vil sannsynligvis til sjuende og sist bli omtrent den samme i 2005 som i fjor.

Det er driftsformen med setring som må opp og fram - ! Alle sier seterdrifta er så viktig for kulturlandskap, biologisk mangfold, trivsel og friluftsliv. Hvorfor kan vi ikke da få betalt for dette? Mens organisasjoner og institusjoner, alle like velmenende og like blinde(!), sysler med sine prosjekter, bestemmer Ola og Kari seg for å gi opp mjølkeproduksjonen! Kvoter på 50 - 60 - 70 - 80 tonn gir ikke til salt i grauten. Og "åkke som" må en av partene ut i verden for å tjene penger. Hva da med tid og anledning til å være "innovativ"? Vi provoseres av slikt! For det første foreskrives medisin som ikke hjelper, og jeg tror heller ikke at "kreative" setersjeler trenger "krykker". Det mangler ikke på fine ord og velvilje verken i fylker eller kommuner. Det som er mangelvare, er en forståelse for at garden, småbruket, er i drift også om vinteren - og at gardbrukeren må ha igjen såpass i skillingsspungen at han/hun har råd til å betale rekninga på Felleskjøpet, eller installere brannvarsling, eller bygge "sluse", eller reparere og sette i stand mjølkebua, eller bygge om kalvebingene, eller planlegge å bygge "lausdriftfjos"!

## Tankar etter ein februar tur på setra

Ein ressurskraftig plass i naturen  
låg døste i vintersol-luren.  
Her er snakk om ein vinst  
og budeiene finst  
for berging av seterkulturen.

Ein grøderik plett under nuten  
her treng ein 'kje koke på gruten.  
Her blir kar beden inn  
på rummen så stinn.  
Til dessert får han suss midt på truten.

Reidun Skånsar, Lom



# Slår ring om seterbruket

Med 90 påmeldte var det stor begeistring under åpningen av "Grenseløs seter" i Stjørdal. Seterkonferansens mål er å formidle seterbrukets verdier, og ivareta setras kultur og naturverdier.

– Da ideen til denne konferansen kom opp håpet vi på 30 deltakere, så dette er over all forventning, sier Erik Stenvik. Han er en av tre prosjektledere for konferansen. Det var ordfører i Stjørdal, Johan Arnt Elve-rum, som åpnet konferansen, fulgt av et foredrag av statssekretær i Landbruks- og matdepartementet Leif Helge Kongshaug. Fredagens del ble ledet av Magnhild Melandsø som håper på en positiv effekt etter disse dagene. – Vi vil sette søkelyset

på utfordringene og problemene som seterbrukeren vil møte, og vil vise muligheter for hvordan seterkulturen kan føres videre, sa Melandsø.

## Familie med seterinteresse

Blant de mange interesserte var Otto Hatling fra Steinkjer. Han har planer om å bygge opp Hatlingsetra identisk slik den var i tidligere tider. Setra har stått brakk siden 1942, og nå håper Hatling på positivt svar fra kommunen. – Saken ligger ute til høring, så vi får håpe det går igjennom, sier han. Hatling vil drive med husdyrhold og et besøksseter, og han mener at en slik konferanse er inspirerende. – Det er utrolig lærerikt, og det er interessant å få et innblikk i mattilsynet og regelverket, mener Hatling.

## Skummel utvikling

– Denne konferansen er positiv fordi den setter seterdrift på sakskartet. Dette er upløyd mark, for det er første gang at det arrangeres i Trøndelag. Det er spesielt for Nord-Trøndelag som har den beste tilskuddordningen landet, forteller Erik Stenvik. Konferansen tok for seg områder som matproduksjon, setras betydning for gården, turisme og nytenking. Tallene for setras utvikling er skumle. I 1939 var 30.000 i drift på landsbasis, mot dagens 1300.

Frå Trønder-Avisa – Espen Storhaug

## BEHOV FOR NY DEFINISJON?

På konferansen i Stjørdal vart foredragshaldarane utfordra til å drøfte om det er behov for ein ny definisjon på seter, m.a. med bakgrunn i følgjande notat:

## SETER – FÄBOD – HVA ER DET?

Spørsmålet kan synes overflødig. Alle vet jo det! Men kan hende er det rett tid for å ta dette opp til drøfting. Rammevilkårene for landbruket i våre land er sterkt endra i løpet av et par generasjoner, og ingen ting tyder på at denne prosessen er avslutta. Det er tvert om grunn til å tro at ikke bare landbruket, men hele samfunnet står framfor sterke endringer i tida som kommer.

De store politiske og samfunnsmessige spørsmål skal vi ikke ta mål av oss til å løse, men hvis målet er å ta vare på seterkulturen og videreføre denne, er det viktig å tilpasse innholdet slik at blir mulig ut fra praktiske, juridiske og økonomiske hensyn.

## BEGREP

Ordet "seter" har sammenheng med "sete", et sted man sitter, og betyr egentlig oppholdssted. "Fäbod" kan også brukes på norsk. Fe betyr opprinnelig eiendom eller "kapital". Og etter som kapitalen i tidligere tider bestod av husdyr, har det gått over til å bety nettopp det: dyr eller buskap. Bod, eller bu på norsk, betyr liten bygning/husvære og fäbod eller febu blir et sted der man holder til med dyrene.

## TRADISJONELL OG JURIDISK TOLKNING

Den vanlige definisjonen på seter/fäbod er et sommertilholdssted i fjell eller utmark der det produseres melk fra ku eller geit. Tidligere ble melka foredla til lagringssterke produkt i form av smør og ost som kunne brukes som vinterforråd eller omsettes. I senere tid er det også levert melk direkte fra seter til meieri. I Norge er seterbegrepet fortsatt sterkt knytta til melkeproduksjon.

Dette gjelder i samband med juridiske tolkninger knytta til beite og seterrett og offentlige støtteordninger. I følge eksisterende ordning for tilskudd til seterdrift kan det bare oppnås av en som har produksjonskvote for melk, og for å få tilskudd må hoveddelen av melka produseres på setra i minst 4 uker om sommeren. Dette forutsetter at det foreligger transportmuligheter slik at melka kan transporteres til meieri fordi dagens driftsomfang gjør det urealistisk å foredle all melk på setra.

## BEHOV FOR NY TOLKNING OG DEFINISJON?

I 1939 var det nær 30000 seter i drift i Norge. I dag er det om lag 500. Tilbakegangen har klar sammenheng med teknologisk utvikling. En viktig enkeltfaktor er bruken av kunstgjødsel som har gjort utnytting av utmarksbeite mindre aktuelt. Foropptaket på utmarksbeite er redusert fra 750 millioner f.e. i 1939 til knapt en tredjedel i dag, til tross for at utmarksbeite i dag premieres med tilskudd.

Moderne høgmeanisert melkeproduksjon i store enheter er lite forenlig med tradisjonell seterdrift. Det kan derfor være nødvendig å finne fram til nye kombinasjoner og løsningsfor at seterkulturen skal overleve.

## HVA ER DET VI VIL TA VARE PÅ?

Seterkulturen består av en rekke elementer og verdier:

- bygninger, gjerder og fysiske anlegg
- kulturlandskap som er resultat av lang tids slått og beiting
- husdyrhold, beitebruk
- næringsmiddelproduksjon, foredling
- kultur (handverk, tradisjoner, kunnskap, viten, historie)
- opplevelsesverdier, grunnlag for pedagogisk virksomhet



Under sekvensen "Mitt seterliv" fortalte tre seterbrukarar levande og interessant om deira seter og motivasjonen for verksemda. Frå v. Lil-lian Bakken, Budalen i Midtre Gauldal, Alf Erik Kristoffersson, Nyvallen, Hede (Sverige) og Elin Rønning, Meråker. Foto: Jostein Sande.

## FORSØK PÅ DEFINISJON

Seterdrift er næringsbasert bruk av ressurser og rettigheter i fjell og utmark knytta til en lokalitet med hus til opphold. Virksomheten er del av, eller tilleggsnærings til, drift av landbrukseiendom gjennom husdyrbeite og høsting av forvekster. Det kan også være tilbud om rekreasjon og pedagogiske opplegg knytta til opplevelse av miljø- og kulturverdier i samband med seterdrift.

Over fylkesgrensa til seters

# Nytt liv på Bjørklisetra i Resdalen

Det var sommaren 2003 familien Solstad i Øvre Surnadal tok med seg heile buskapan på elleve telemarks-kyr og dro til Bjørklisetra i Resdalen for å prøve god, gammaldags seterdrift. Det var hausten før Finn, mannen min, kom heim og ville ha meg med til denne setra. Eigaren av Bjørklisetra sa vi absolutt skulle ta med oss buskapan til setra og ta opp igjen drifta der. Seterlivet hadde eg fått prøve tjue år før, da eg kom til Norge som praktikant frå Nederland. Eigentleg syntes eg vi hadde nok å gjera, om vi ikkje skulle starte med seterdrift. Men vidareforedling heime på garden hadde vi tenkt ein del på. Det er Hubertine Roebroek som fortel dette. Bjørklisetra ligg i Meldal, så familien Solstad bufører altså over fylkesgrensa frå Møre og Romsdal til Sør Trøndelag.

- Så vart eg med på tur til Bjørklisetra – og da var det gjort! Denne vinteren snakka vi ikkje om stort anna enn seterdrift, om mattilsynet, snekra, planla og diskuterte korleis vi skulle gjera ting. Overalt der eg søkte hjelp var folk positive og hjelpsomme. Eg var på etablerarskule, fekk etablerarstipend og mykje god respons for ideen vår. Sammen med mattilsynet tegna vi eit heilt nytt foredlingsrom – og her separerer og kinnar vi. Å, så stolte vi var da vi fekk til den første smørklatten!

## MYKJE NYTT FOR BÅDE FOLK OG DYR

Den første kvelden vi melka var grusom, der og da angra eg noko voldsomt. Ikkje torde kyrne gå gjennom grinda, ikkje torde dei gå inn i mjølkestallen - og livredde var dei for dei grønne kraftforkoppene, heime er dei nemleg blåe! – Men det gjekk ikkje meir enn to-tre dagar før det var heilt herleg å sitte ute og melke, seier Hubertine. Det var litt vanskeleg å vite kven som skulle ha

bjelle på. Julefru og Sølvelin var grei, men nummer tre? Stjerne fekk prøve seg som den tredje bjellkua, men eg måtte snart ta den frå ho igjen. Ho tålte rett og slett ikkje å vera ledar. Arrogant jaga ho dei andre kyrne, og ingen fekk gå gjennom grinda inn til melking. Etter nokre dagar fekk Bliros prøve seg med bjella, da vart Stjerne så fornerma at ho gjekk laus på den nye bjellkua. Småsur gjekk ho resten av sommaren!

Etter to somrar på setra har vi fått på plass mange rutinar, fått ordna mykje i forhold til mattilsynet og kyrne ser ut til å trivast veldig godt. Smådyra er veldig populære, og det er mange unge besøkande som har fått prøve å melke for første gong.

## FOREDLING

Første sommaren brukte vi 50-60 kg mjøl til vafler, koka utruleg mykje kaffe, dravle og rømmegraut. Alt smøret og rømmen vi laga - av om lag 4000 liter melk - fekk vi selt på setra. Vi har ikkje gjort så mykje med markedsføringa, det er nok kubjellene som har lokka til seg turistane. – Det store opplevelsen for meg var at folk sette så stor pris på at vi hadde flytta dyra våre til fjells. Haldningane er ikkje så negative som ein gjerne kan få inntrykk av i media. Eg er utruleg glad for at det vart seterdrift på oss, og eg er veldig takknemlig overfor Rolf Nergård som leigde ut setra til oss – og sette oss på det rette sporet. No er det berre fem månader, kanskje seks – og det ikkje sluttar å snø snart – til vi flyttar på setra att. Å, som eg gler meg, seier Hubertine Roebroek – ein hustrig vinterdag i februar. No lir det alt langt på våren, og vi kan berre ønskje dei nok ein god sommar på Bjørklisetra i Resdalen i Meldal.





# Nordgardsetra 4H-seter

Nordgardsetra i Lågendalen i Vestfold er kjent for mange både gjennom 4H og omtale i media. Det var tradisjonell seterdrift der til 1961, og historia til setra går i allefall 120 år tilbake i tid. I 1907 var det 265 gardar i Lågendalen som setra, men de store forandringene i jordbruket førte til at setringa forsvant raskt etter andre verdenskrig. Den siste setra i Lardal, Svartangen, var i drift fram til 1980.

Drifta på Nordgardsetra startet opp i sin nåværende form i 1990, på nytt er det blitt et yrende liv på stølen der en gang åtte gardar hadde seter. Opprinnelig var det 15-20 hus på Nordgardsetra, der minst 30 kyr og ungdyr i tillegg hadde tilhold. Setra er i dag et levende kulturminne, der kursdeltakere og andre besøkende får et innblikk i hvordan seterlivet har artet seg. – Det daglige livet på Nordgardsetra besto av dyrestell, gjeting og foredling av mjølka – separering, kjerning av smør, ysting av hvitost og koking av prim. Setertida varte fra først i juli til begynnelsen av september, da tok folk og dyr fatt på kløvvegen ned til gards. Omkring 1960 ble

kløvvegen erstattet med bilveg, men da var det også slutt på seterdrifta – for en tid.

- Et møtested mellom mennesker og dyr
- Et møtested mellom mennesker og natur
- Et møtested mellom fortid og nåtid
- Et møtested for mennesker i alle aldre

Heter det i brosjyren som forteller om Nordgardsetra i dag. Cicilie Skjennum, som er ansvarlig for drifta gjennom 4H, forteller at setersesongen nå er fra 18. juni til 21. august, altså tilpasset skolenes sommerferie. – Vi har ukeskurs i gammel seterdrift for ungdommer i alderen 12 til ca. 19 år hele sommeren. Det er hovedsaklig 4H-ere fra Østfold, Aust Agder, Telemark, Buskerud og selvfølgelig Vestfold som er på setra. Men også ungdom som ikke er 4H-ere har mulighet til å melde seg på disse kursene. Disse pleier å være full-booket tidlig på våren, forteller Cicilie Skjennum. Setra er ellers åpen for besøk hver dag, med servering av setervaffer, rømmegrøt, lefser, kaffe og brus

i helgene. Mat kan også bestilles til grupper de andre dagene. Det er bomveg fram til setra, som kan kjøres både med bil og buss. Cicilie Skjennum understreker at de i tråd med gamle tradisjoner setter gjestfriheten i fremste rekke. Besøkende er velkomne, enten de kommer alene eller i gruppe. Setra byr på et mangfoldig dyreliv og en fin blanding av gamle og nye seterhus. En har skogsti, natursti og ”tussesti” å by på – og tilbyr aktivitetsprogram for barne- og ungdomsgrupper, så vel som omvisning for voksengrupper. Området byr ellers på fine tur- og fiskemuligheter, og det er overnattingsmuligheter på Vindfjelltunet ved innkjøring til setra.



Det er både gamle og nye hus på Nordgardsetra.



# Mat og kulturlandskap 2005

Framhald frå side 1

## Matmangfold og opplevelser

Mat og kulturlandskap 2005 vil ha følgende delprosjekt:

■ Streif Det legges opp til minst ett arrangement i alle fylker i perioden juni - oktober 2005, som skal vise særpreget i hvert område og gi opplevelser knyttet til kulturlandskap, lokal mat, kultur og historie.

■ Kortreist mat Dette er en aktivitet for ungdomskolene. Aktiviteten skal øke elevenes bevissthet om verdien av lokal matproduksjon og om sammenhengen mellom lokal matproduksjon og kulturlandskap. Kortreist mat skal inspirere elever og lærere til å lage matretter av lokale råvarer.

■ Scenarieprosjektet "Framtidsbygda 2020" Scenarieprosjektet skal trekke opp aktuelle og realistiske framtidsbilder av bygdene i 2020. Framtidsbygda 2020 som skal gi grunnlag for en debatt i 2005 om bygdepolitikken.

■ Matfestivaler Det legges opp til et stort Matstreif på Karl Johan i Oslo i juni 2005. Her vil de beste lokale spesialproduktene og kokkene presentere sine produkter.

Mat og kulturlandskap 2005 vil også være en del av andre matarrangement rundt om i landet. Mange Streif-arrangementer er lagt til stølsmiljø. Arrangementene blir presentert i Seterkalenderen på nettsidene våre.

## Seternytt frå Sverige

Årsmöte i Gävleborgs fåbodförening

Lokalen Lien på Nytorps Naturbruksgymnasium var fylld med fåbodbrukare og främjare när länets fåbodförening hade bjudit till årsmöte. Mötet inleddes med en spännande ostbuffé och att Åsa Wilhelmsson som är aktivitetsansvarig för projekt Fåbodmat och matkultur visade den nya filmen Fåbodminnen. Åke Palm vid Ljusdalsbygdens museum har gjort filmen som dokumentation av den gångna sommarens studiecirkel. Förväntan byttes i entusiasm över ett imponerande arbete.

Sjukdom hade orsakat vissa luckor i funktionärsleden. I ordföranden Tomas Erikssons frånvaro hälsade vice ordföranden Kelvin Ekeland alla välkomna och överlämnade ordet till den enhälligt valda mötesordföranden Inga Malm. Föreningens verksamhet har varit intensiv och omfattande. Glädjande är det förtroende myndigheter visar för föreningens sakkunskap medan det är tråkigt att förståelsen för att behovet av resurser för att kunna göra ett bra arbete inte kan täckas av enbart medlemsavgifter.

Mötet valde Calle Höglund, Trönö till ny ordförande. Ordinarie ledamöter i styrelsen blev Tomas Eriksson, Torsåker, Åsa Mørberg, Sandviken, Karin Nilsson, Korskrogen och Stefan Olander, Viksjöfors. Ersättarna består av Yasmine Bengtsson, Eskilstuna, Joni Lidberg, Ljusdal, Karin Sköldmark, Edsbyn och Margareta Wallin, Järvsö.

Avslutningsvis informerades om att Gösta Lindberg, Hälsinglands Handelshus, vill ha kontakt med fåbodbrukare för förmedling av produkter som getost och messmör. Att Leif Holst i Rovdjursföreningen tar emot intresseanmälningar från brukare som vill ha hjälp med att skydda sina djur mot rovdjur. Att Kelvin Ekeland vill ha kontakt med personer som vet något om gammaldags fåbodgetter eller som vill lära sig bygga trägårdsgårdar. Och att alla är välkomna till träff i härjedalska Messlingen 6 april om att bygga om och nytt på fåbodvallar.



## Lokk, laling, hjaling, kringelhauk, bygdeviser - Mjonøy i Vinje 22.-24. april 2005

Denne helga kan du få høve til å vera med Eli Storbekken, Unni Boksasp, Hillborg Romtveit og Kjell Høve og lære "utesong" eller bygdeviser! Dette med utesong har hatt liten fokus og her er mykje spennande stoff å taka tak i. På Mjonøy kan du få trene ute ved elva og i skogen og skikkeleg få teste og trene opp volumet. Kor langt ber det? Eller du kan sitje med Kjell Høve i Fjoset og roe deg ned med ei Guro Heddeli-vise eller ei gjætarvise. Seinare på sommaren, 10. juli, skipar me til eit stevne på støylen Bjønnbutveit i Smørkleppdalen der det blir kappleik i lokking, hjaling, laling for dei som vil tevla, og klasser for dei som vil vera med på ei mønstring utan tevling. Her set me støylskultur i sentrum både når det gjeld mat og aktivitetar. Dette fær du nærare program om ved påmelding.

For kurset på Mjonøy gjeld dette:

Kursavgift kr. 400,-

Tid: fredag frå kl. 18.00 til søndag kl. 15.00

Overnatting med full pensjon heile helga: kr. 1120,-

Med eigen sovepose: kr. 920,-

Dette blir det fyrste av to kurs der Norsk Kvedarforum set lokking i sentrum. Kurset vil bli arrangert slik at Mjonøy-kurset blir trinn 1. Det neste er sett til 9. september 2005 i Østerdalen. Det blir då trinn 2.

Så kvedarar, budeier og andre som har interesse for støylskultur, no har me høve til å møtast i omgjevnader der dette høyrer heime! Me vil og få ta i "ekta" budeier som kan fortelje om livet på støylen slik dei opplevde det.

Påmelding og opplysningar:

Ellen B. Nordstoga, 3890 Vinje, tlf. 35072553/

97574084, e-post: ellen@mjonoy.no

Frist: 15. mars 2005.

Tilskipar er Mjonøy i samarbeid med Norsk Kvedarforum

## 2005-markering på Stavali



Norsk seterkultur si markering av 100-årsjubileum Noreg som eigen nasjon og Friluftslivets år vert på Stavali, Hardangervidda i dagane 24.-28. august. Der kan du få oppleve stølslivet i eit fantastisk kulturlandskap med kyr av gamle norske rasar. Du kan få vera med på kjerning av smør, koking av rømmegrøt og dravle. Me vil prøva fiskelukka og bærplukking. Her vert kunstneriske innslag. Søndag 28. bufører me heim. Turen går frå Stavali til Kinsarvik, ein tur på ca. 7 timar. Me går heim Stavalidalen over elva Grøno til Vierdalen, der me har kvilestund med kaffikoking på bål. Vidare går me ned den fantastiske Husedalen med sine flotta fossar.

Meir detaljert informasjon om program/aktivitetar kjem seinare, på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) og i juniutgåva av Seterbrukaren.



Setra inspirer til musikalsk utfolding! Her ser vi seter-entusiastene Per Svein Tandstad, Sykkylven og budeie Kristine Karoliussen, Ålesund, i samspill framfor ostehuset.

## Setra på repertoaret til Norsk damekor i Seattle

”Jeg kan godt forstå norsk, men å skrive det er for vanskelig for meg, så jeg skal fortsette på engelsk. Svar gjerne på norsk om du vil.- My name is Julie Svendsen Schmidt and I am the director of the Norsk damekor i Seattle. I recently came across your website looking for information about the Norwegian Seter. The reason I am interested is this.... our small chorus is putting on a concert on May 14th to celebrate the recent 100 Years of Norwegian sovereignty. I decided to have a seter theme because so many of our songs lend themselves to this. Our founder, the late professor August Werner from Bergen, arranged many of the songs just for our chorus. However, some of our Local Scandinavian dignitaries want the theme to any celebration this year to be modern and looking to the future. When I saw your website I was very excited. The seter lives and you are a modern association looking to the future! May I have your permission to give information about your organization to our audience. It would also be wonderful if it wasn't too much trouble to obtain a few flyers. It will help create an awareness, even here in Seattle, Washington, that the Seter lives. Thank you so much. Hilsen, Julie.”

Vi svarte sjølsagt, og informerte litt meir om både Norsk seterkultur og musikk med tema frå setra og seterkulturen. Og sjølsagt skal vi sende over ein bunke ”flygarar” med informasjon om både Norsk seterkultur og seterdrifta generelt. I ein seinare e-post fortel Julie Svendsen Schmidt litt meir om kva koret skal framføre. ”Please know that our chorus would welcome any music in any format. We will be singing Heimreise frå Sæteren, Valdrisvisen, Kulokk and Seterjentens Søndag, and a couple from the Skuespil ”Til Seters”. I don't have a copy of the play, but I do have a couple songs from it: Til Seters, til seters nu synker solen ned (some men are going to sing that one), and Og jeg vil ha meg en hjærtenskjær. Interesting how this has all come about...when I was very little, 2 or 3 years old, the song ”Til Seters, til seters nu synker solen ned” was the first song that I ever learned, at least that I remember. And of course, all my life I've had that ”romantic” attraction to the mountain summer farm. You wouldn't by any chance have a copy of ”Til Seters” or know where I could get one? Perhaps it should be performed at an outdoor theatre at your farm?!” - Julie Svendsen Schmidt, som dirigerer koret, har adresse : 10313 12th Ave NW Seattle, WA 98177

# Spa'tak 2005

Natur og Ungdom er i ferd med å planlegge gjennomføringa av Grønt Spatak komande sommar. Vi saksar følgjande frå NU si nettside:

2005 blir et viktig år for fremtidens matproduksjon. De dresskleddede herrene i Verdens Handelsorganisasjon, WTO, presser på å få ferdig en ny frihandelsavtale innen årets utgang. En slik avtale vil ofre miljøvennlig, lokal matproduksjon til fordel for det industrialiserte jordbruket i USA og EU. Natur og Ungdom skal sørge for at dette ikke skjer. Du kan være med. Derfor har Grønt Spa'tak blitt til Spa'tak mot WTO – velkommen!

Mer informasjon kommer snart på NU sine nettsider – inntil videre: sjekk ut [www.nu.no/spatak](http://www.nu.no/spatak) eller ta kontakt på [andreakt@nu.no](mailto:andreakt@nu.no) hvis du har spørsmål!

Norsk seterkultur er samarbeidspartner i Grønt Spatak, og det er viktig at seterbrukarar seier frå om dei vil vera vertskap for ”spatakistar”. Siste sommaren var det mange ungdomar som ønskte å gjera ein innsats på seter eller i beitetilsyn, og NU ventar minst like stor interesse i år.

### Bli med i



#### Medlemskontingent 2005

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjon/institusjon	kr. 500,-

#### Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar  
 Organisasjon/institusjon  
 Støttmedlem/tinging

av Seterbrukaren

Namn: .....

Adresse: .....

Telefon: .....

Registrere deg som medlem på våre heimesider: [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

#### NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL

Tlf.: 70 25 91 77

Fax: 70 25 91 57

E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)

Bankgiro: 2367 20 51 169

NORSK SETERKULTUR  
6214 NORDDAL

**B**-blad



Den Norske Turistforening  
formidler naturopp-  
levelser for livet. Derfor  
samarbeider vi med  
Norsk Seterkultur for  
aktiv stølsdrift i et  
levende kulturlandskap.



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen  
og vi støtter Norsk seterkultur  
i arbeidet for denne driftsforma

# Kjøp

– Veiviseren –

Norsk Kulturarvs  
håndbok til de gode  
opplevelser.

Bestill på  
[www.kulturarv.no](http://www.kulturarv.no)



Norsk Kulturarv

## Kraftfôrvalg til beite er enkelt!


Kvaliteten og tilgangen på beitegraset er  
som regel best om våren og på forsommeren.  
Utover sommeren er det vanskeligere å holde stabil kvalitet.  
Faktorer som beitetrykk og værforhold er da sentrale.

FORMEL BEITENØKKEL				
Ytelse	Svært godt beite	Middels godt beite	Ugjodsla beite/utmark	Lite beite
10 kg			1 kg FORMEL Favor 20	2 kg FORMEL Fiber
15 kg		1 kg FORMEL Favor 30	3 kg FORMEL Favor 20	4 kg FORMEL Fiber
20 kg	1 kg FORMEL Favor 10	3 kg FORMEL Favor 30	5 kg FORMEL Favor 20	6 kg FORMEL Fiber
25 kg	3 kg FORMEL Favor 10	5 kg FORMEL Elite	7 kg FORMEL Favor 20	8 kg FORMEL Fiber
30 kg	5 kg FORMEL Fiber	7 kg FORMEL Elite	9 kg FORMEL Favor 20	10 kg FORMEL Fiber
35 kg	7 kg FORMEL Fiber	9 kg FORMEL Elite		

Dersom mjølkemengden går ned, vet du at det er på tide  
å vurdere mengde og type kraftfôr.

**FORMEL**

Økt lønnsomhet for bonden



[www.fk.no](http://www.fk.no)